

Arkivsak: 10/1530
Løpenummer: 14/8825
Arkivkode: FE-026
Saksbehandlar: Reidun K. Halland

Saksnummer	Utval	Møtedato
005/15	Formannskapet	15.01.2015
011/15	Kommunestyret	23.01.2015

Gjennomføring av kommunereforma i Gulen kommune

Kommunestyret har endeleg avgjerdsmynde i saka.

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak:

1. Gulen kommune går i reelle drøftingar med aktuelle nabokommunar/andre kommunar i regionen.
2. Overordna målsetjing med utgreiingane og drøftingane er å få svar på fylgjande spørsmål:
Vil Gulen kommune ved å slå seg saman med andre kommunar på ein betre måte enn i dag kunne oppfylle ekspertutvalet sine 10 kriterier for god kommunestruktur.
3. Fylgjande alternativ for ny kommuneorganisering skal utgreiast:
 -
 -
4. Arbeidet i Gulen vert organisert etter fylgjande modell:
 - Styringsgruppe: Gulen formannskap, supplert med øvrige parti som er representert i kommunestyret. Leiar: ordførar
 - Prosjektansvarleg: Rådmann
 - Prosjektgruppe: rådmannen set saman gruppa og peiker ut leiar. Hovudtillitsvald vert medlem.
 - Referansegruppe: nære samarbeidspartar. Leiar: ordførar
 - Arbeidsgrupper (ved behov)

Skisserte mandat vert førande for arbeidet.
5. Styringsgruppa får delegert mynde til å utarbeide nye / korrigere mandat, godkjenne budsjett, samt oppdatere prosjektplan undervegs i kommunereformprosessen.

Behandling i Formannskapet 15.01.2015:

Nye framlegg:

Felles

1. Gulen kommune går i reelle drøftingar med aktuelle nabokommunar/andre kommunar i regionen.
2. Overordna målsetjing med utgreiingane og drøftingane er å få svar på fylgjande spørsmål: Vil Gulen kommune ved å slå seg saman med andre kommunar på ein betre måte enn i dag kunne oppfylle ekspertutvalet sine 10 kriterier for god kommunestruktur.
3. Fylgjande alternativ for ny kommuneorganisering skal utgreiast:
 - Gulen (som i dag)
 - Gulen/Masfjorden + eventuelle randkommunar (Solund, Høyanger sørside, Modalen)
 - Nordhordland/Gulen/Solund
4. Arbeidet i Gulen vert organisert etter fylgjande modell:
 - Styringsgruppe: Gulen formannskap, supplert med øvrige parti som er representert i kommunestyret. Leiar: ordførar
 - Prosjektansvarleg: Rådmann
 - Prosjektgruppe: rådmannen set saman gruppa og peiker ut leiar. Hovudtillitsvald vert medlem.
 - Referansegruppe: nære samarbeidspartar. Leiar: ordførar
 - Arbeidsgrupper (ved behov)

Skisserte mandat vert førande for arbeidet.

5. Styringsgruppa får delegert mynde til å utarbeide nye / korrigere mandat, godkjenne budsjett, samt oppdatere prosjektplan undervegs i kommunereformprosessen.

Røysting:

Samrøystes

FSK-005/15 Vedtak:

1. Gulen kommune går i reelle drøftingar med aktuelle nabokommunar/andre kommunar i regionen.
2. Overordna målsetjing med utgreiingane og drøftingane er å få svar på fylgjande spørsmål: Vil Gulen kommune ved å slå seg saman med andre kommunar på ein betre måte enn i dag kunne oppfylle ekspertutvalet sine 10 kriterier for god kommunestruktur.
3. Fylgjande alternativ for ny kommuneorganisering skal utgreiast:
 - Gulen (som i dag)
 - Gulen/Masfjorden + eventuelle randkommunar (Solund, Høyanger sørside, Modalen)
 - Nordhordland/Gulen/Solund
4. Arbeidet i Gulen vert organisert etter fylgjande modell:
 - Styringsgruppe: Gulen formannskap, supplert med øvrige parti som er representert i kommunestyret. Leiar: ordførar
 - Prosjektansvarleg: Rådmann

- Prosjektgruppe: rådmannen set saman gruppa og peiker ut leiar. Hovudtillitsvald vert medlem.
- Referansegruppe: nære samarbeidspartar. Leiar: ordførar
- Arbeidsgrupper (ved behov)

Skisserte mandat vert førande for arbeidet.

5. Styringsgruppa får delegert mynde til å utarbeide nye / korrigere mandat, godkjenne budsjett, samt oppdatere prosjektplan undervegs i kommunereformprosessen.

Behandling i Kommunestyret 23.01.2015:

Rune Østerbø hadde permisjon frå møtet og deltok ikkje i handsaming av saka.

Nye framlegg:

Frå KRF v/Brosvik

Endring punkt 4:

Styringsgruppa blir supplert med leiar i fellesrådet.

Røysting:

2 (KRF) mot 17

Etter dette vart det røysta for heile framlegget. Framlegg frå formannskap vart samrøystes vedteke.

KOM-011/15 Vedtak:

1. Gulen kommune går i reelle drøftingar med aktuelle nabokommunar/andre kommunar i regionen
2. Overordna målsetjing med utgreiingane og drøftingane er å få svar på fylgjande spørsmål: Vil Gulen kommune ved å slå seg saman med andre kommunar på ein betre måte enn i dag kunne oppfylle ekspertutvalet sine 10 kriterier for god kommunestruktur
3. Fylgjande alternativ for ny kommuneorganisering skal utgreiast:
 - Gulen (som i dag)
 - Gulen/Masfjorden + eventuelle randkommunar (Solund, Høyanger sørside, Modalen)
 - Nordhordland/Gulen/Solund
4. Arbeidet i Gulen vert organisert etter fylgjande modell:
 - Styringsgruppe: Gulen formannskap, supplert med øvrige parti som er representert i kommunestyret. Leiar: ordførar
 - Prosjektansvarleg: Rådmann
 - Prosjektgruppe: rådmannen set saman gruppa og peiker ut leiar. Hovudtillitsvald vert medlem.
 - Referansegruppe: nære samarbeidspartar. Leiar: ordførar
 - Arbeidsgrupper (ved behov)

Skisserte mandat vert førande for arbeidet

5. Styringsgruppa får delegert mynde til å utarbeide nye / korrigere mandat, godkjenne budsjett, samt oppdatere prosjektplan undervegs i kommunereformprosessen

Sakstilfang

Vedlegg:

Nytt rundskriv (H- 8/14) til lov 15. juni 2001 nr 70 om fastsetjing og endring av kommune- og fylkesgrenser (inndelingslova).

Rundskriv til inndelingslova H 8 14 rundskrivet som vedlegg (L)(95802).pdf

Kommunereforma - opplegg for arbeidet i Sogn og Fjordane 2014 - 2016

Prosjektplan for gjennomføring av kommunereforma i Sogn og Fjordane

Årsmelding 2013

Status innan oppvekstsektoren hausten 2014

Status innan pleie- og omsorgssektoren

Vedk. kyrkja og utgreiing av framtidig kommunestruktur

Vedtak i kommunestyre Solund kommune knytt til kommunereforma

Utgreiing og organisering knytt til kommunereforma

Melding om vedtak vedk. vidare prosess om kommunereform

Kommunereforma - ny kommunestruktur

Tenestekområde i Gulen og Masfjorden

Administrasjonen si saksutgreiing:

Bakgrunn for saka:

Regjeringa la 14. mai 2014 fram kommuneproposisjonen for 2015 med ein meldingsdel for ei kommunereform. Meldinga vart handsama av Stortinget 18. juni, der det gjennom eit fleirtal vart gitt politisk tilslutning for at det er behov for endringar i kommunestrukturen, og målsetjingar og gjennomføring av reforma med økonomiske verkemidlar.

Sentralt fastsette mål for reforma:

Reforma skal legge til rette for at fleire kommunar slår seg saman til større og meir robuste kommunar. Følgjande overordna mål er fastsette for reforma:

- Gode og likeverdige tenester for innbyggjarane
- Heilskapleg og samordna samfunnsutvikling
- Berekraftige og økonomisk robuste kommunar
- Styrka lokaldemokrati

Sentralt fastsette overordna rammer:

Sett frå eit nasjonalt perspektiv består kommunereforma av fire ulike delreformer:

- Oppgåverreform – det blir sett på moglegheiter for flytting av oppgåver til kommunane.
- Strukturreform – det er både inndelinga av kommunar og regionalt (fylke) nivå som er til utgreiing.
- Styringsreform – det skal sjåast på både modellar og regelverk for intern organisering og statleg styring av kommunane, rammene for styring av kommunal forvaltning (kommunelova og særlover) og oppgåver til fylkeskommunen og staten.
- Finansieringsreform – inntektssystemet skal gjennomgåast i sin heilskap, med endringar gjeldande frå 2017, og det er lagt inn verkemiddel for omstilling og kompensasjon av utgifter knytt til gjennomføring av reforma.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har lagt opp til eit felles løp for alle kommunane i Sogn og Fjordane. Så langt rådmannen kjenner til er det ikkje lagt opp til eit tilsvarande felles løp i Hordaland. Det gjev Gulen ei utfordring i høve prosessen. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane er kjend med problemstillinga, og signaliserer at randsoneproblematikken vert eit fokusområde framover som må ivaretakast i prosessen.

Kva har så langt skjedd i Gulen og Nordhordland?

Diskusjonar rundt ny kommunestruktur har i dei fleste kommunar pågått sidan 2006. I Gulen bestemte kommunestyre allereie i desember 2010 at kommunen skulle vende seg sørover i det vidare arbeidet med ny kommunestruktur. Formannskapet har i sine diskusjonar halde fast ved dette prinsippet. Dette har vore førande for det arbeidet som har vore gjort så langt i kommunereformprosessen. Kommunen deltek difor ikkje i administrativt eller politisk arbeid rundt kommunereformprosjektet i HAFS.

Solund kommune som er ein del av HAFS samarbeidet ynskjer å delta i utgreiing inn mot Gulen/Nordhordland.

Kommunane i Nordhordland er i dag svært ulike og har ulike utfordringar. Medan nokre kommunar opplever nedgang i folketal, opplever andre stor vekst. Dette er utfordrande for planlegging, dimensjonering og finansiering av tenestene, både for vekstkommunar og kommunar med nedgang i folketal. Alle kommunar har plikt til å yte same tenester, men både inntektsføresetnader og utgiftsbehov er svært ulikt mellom kommunane.

I Nordhordland vart det i 2006 gjennomført ein prosess som enda ut med ein rapport frå ECONanalyse. Utgreiinga vart gjennomført på oppdrag frå Regionrådet. I rapporten vart tre framtidsscenarier vurdert for kommunane Fedje, Meland, Lindås, Austrheim, Radøy og Masfjorden. I prosessen vart det gjort grundige utgreiingar, men det var ikkje reell vilje til å gå inn i debatten om kommunestruktur. Prosessen konkluderte med at kommunane i staden skulle satse på meir forpliktande samarbeid.

I 2010 gjorde alle kommunane i regionen vedtak om å gå i gang med nye utgreiingar, for igjen å sjå på grunnlaget for endring i kommunestrukturen i Nordhordland. Dette var ut frå ei erkjenning om at vi er eit felles bu- og arbeidsområde, og at auka oppgåver og krav til kompetanse er utfordrande for kommunane.

Telemarksforskning saman med Ernst & Young vart engasjert gjennom NUI (regionrådet) våren 2013 for å utarbeide eit skriftleg vedtaksgrunnlag for kommunane sine val av vidare prosess i prosjektet kommunestruktur 2015. Som ei innleiing oppdaterte Telemarksforskning m.fl rapporten til ECON-analyse frå 2006 fase 1 i prosjektet. «Nye samhandlingsformer og strukturendringar i Nordhordland». Rapporten frå fase 1 og fase 2.1 «kommunestruktur 2015», skulle saman danne eit grunnlag for endeleg avgjerd for kommunane si vidare deltaking i prosessen. Det kommunane skulle ta stilling til i fase 2.1 var om dei ynskte å delta i eit utgreiingsløp med sikte på ny kommunestruktur, eller ei eit samarbeidsløp.

Etter planen skulle fase 2.1 avløysast av fase 2.2 som var sjølve utgreiinga og til slutt fase 3, gjennomføring. Grunna signal om at regjeringa ville setje kommunestruktur på dagsorden stoppa den lokalt initierte prosessen opp, i påvente av kva regjeringa kom med.

Som kjent gjorde Storting vedtak i vår (2014), i samband med kommuneproposisjonen for 2015.

Vegen vidare:

Ein god start på prosessen vil vere å skaffe seg oversikt over kor kommunane står i dag og kartleggje dei viktigaste utfordringane vi ser framover. Vi har allereie mykje av denne informasjonen tilgjengeleg, men den treng systematiserast, supplerast og gjerast tilgjengelig.

Enkle nøkkeltal for å få ein oversikt over status i eigen kommune får ein ved å gå inn på kommunal og moderniseringsdepartementet sitt utredningsverkty www.nykommune.no Her finn ein nøkkeltal for eigen kommune, og ved å velje potensielle samanslåingskommunar får ein også ut samla nøkkeltal for aktuell ny kommune.

For meir detaljert informasjon om Gulen kommune viser vi til vedlagt Årsmelding 2013, og meir oppdaterte statusark for oppvekst og omsorg.

Kommunal og moderniseringsdepartementet gjev mykje informasjon og rettleiing om utgreiing og prosess. På nettsida til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, under kommunereform kan ein få meir rettleiing og detaljert informasjon om arbeidet i Sogn og Fjordane.

I arbeidet med kommunereforma må Gulen kommune sine ulike alternative retningsval vurderast opp mot reforma sine overordna mål, samt ekspertutvalet sine kriterier for god kommunestruktur:

1. Tilstrekkelig kapasitet
2. Relevant kompetanse
3. Tilstrekkelig distanse
4. Effektiv tjenesteproduksjon
5. Økonomisk soliditet
6. Valgfrihet
7. Funksjonelle samfunnsutviklingsområder
8. Høy politisk deltakelse
9. Lokal politisk styring
10. Lokal identitet

Lokalt eigarskap i denne delen av prosessen vil leggje eit grunnlag for at både folkevalde og innbyggjarar får same forståing av det utfordringsbiletet kommunen står i no og i framtida. Drøfting av kommunen si framtid er ei oppgåve som krev ein brei demokratisk prosess.

Organisering av arbeidet

Fylkesprosjektet tilrår at kvar kommune etablerer ei hensiktsmessig organisering for reformarbeidet som tek i vare prosessen i eigen kommune, og sikrar samarbeid med nabokommunar og fylkesprosjektet.

Det er løyvd fornyingsmidlar til utgreiing. Søknadsfrist er 01.03.2015. Det er lagt føringar for tildeling ved at det er kommunane samla som kan søkje. Alle kommunane må ha gjort vedtak om deltaking i felles utgreiingsprosjekt. Grunnlaget er då eit felles prosjekt med tydeleg mandat, organisering, prosjektplan, oppfølging.

Utfordringa for Gulen som skal delta i utgreiingar med kommunar i Hordaland er at dei 2 fylka køyrer ulike utgreiingsløp. Det er naturleg at ein i prosessen etablerer ein interkommunal organisasjon, med politisk styringsgruppe og administrativ prosjektgruppe.

Tidleg i arbeidet med kommunereforma vil det vere naturleg å gjennomføre ein risikoanalyse. Formålet med risikoanalyse er å identifisere kritiske suksessfaktorar som er viktige for å nå måla i prosjektet. I dette prosjektet vil det vere både interne og eksterne faktorar som vil påverke resultatet av prosjektet.

Det er naturleg at ein slik ROS analyse vert gjort i fellesskap mellom aktuelle kommunar.

Den interkommunale prosessen rundt kommunereforma vil vere krevjande. Både tydeleg mandat for arbeidet og dedikert prosjektleiing er eksempel på suksessfaktorar som vil vere svært viktig for prosjektet.

Rådmennene i dei aktuelle kommunane bør koordinere seg og førebu ei sak til kommunestyra som oppsummerer prosessen og gir tilråding om samanslåingsalternativ. Dei respektive kommunestyra fattar vedtak om samanslåingsalternativ og vegen vidare.

Kommunestyret må også gjere vedtak om korleis innbyggjarane skal informerast og høyrast i jf. Inndelingslova § 10. Som grunnlag for høyring bør kommunestyret vurdere om det skal lagast ein felles intensjonsavtale. Det er viktig at ein slik avtale vert forankra i alle kommunestyra.

Rådmennene i dei kommunane som vel å samarbeide om ny kommunestruktur vil utarbeide nærare prosjektplan og framlegg til mal for intensjonsavtale som skal leggjast til grunn for arbeidet. Det vert lagt opp til ei godkjenning i dei respektive kommunestyra våren 2015.

Organisering i Gulen:

- Styringsgruppe: Gulen formannskap, supplert med øvrige parti som er representert i kommunestyret.
Leiar: Ordførar
Prosjektansvarleg: Rådmann

Styringsgruppa har det overordna ansvaret, prosjektansvarleg har det utøvande ansvaret.

Organisering/Mandat:

- Fagleg og økonomisk ansvar for gjennomføring etter mandat og oppdrag frå kommunestyret.
 - At det er samsvar mellom framdrift og prosjektplan.
 - Ansvar for informasjon og kommunikasjon om prosjektet.
 - At det er klare rammer (oppgåver og ansvar) for prosjektgruppa.
- Prosjektgruppe: rådmannen set saman gruppa og peiker ut leiar. Hovudtillitsvald vert medlem.

Organisering/Mandat:

- Ansvar for oppfølging av prosjektplan, gjennom prosess og aktivitetar i utvikling og gjennomføring av prosjektet.

- Delta i møte med kommunane og referansegruppa, med førebuing, innlegg, rettleiing og oppfølging.
 - Ansvar for at prosjektansvarleg får eit kvalitetssikra underlag ved avgjerder, og møte i aktuell referansegruppe.
 - Oppfølging av risikohendingar i prosjektet, undervegs vurdere og sette inn nødvendige tiltak.
 - Prosjektgruppa kan supplerast etter behov frå samarbeidspartane.
 - Det vert utarbeidd ei prinsippansvarsmatrise som nærare viser ansvars- og arbeidsfordeling i prosjektgruppa med koordinering av oppgåver og ansvar til prosjektansvarleg og styringsgruppa.
- Referansegruppe: nære samarbeidspartar. T.d. kyrkja, næringslivet, lag og organisasjonar...

Organisering/Mandat:

- Blir leia av ordførar, og er ei rådgjevande gruppe.
 - Gruppa skal bidra til å koordinere interesser og koordinere/samkøyre prosessar fram mot 2016.
 - Gruppa skal ha støtte av prosjektgruppa (sekretariatet) med møteinnkalling og møtereferat.
- Arbeidsgrupper
 - Faggrupper hjå kommunen (etter behov).
 - Evt. andre bidragsytarar

Deler av arbeidet i referansegrupper evt andre arbeidsgrupper kan i prosessen truleg samkøyrast med andre deltakande kommunar.

Prosjektplan Gulen

Prosjektplanen vil vere eit levande verktøy og må justerast undervegs.

Aktivitet	Tidspunkt	Ansvar	Merknad
	2014		
Oppstartsmøte HAFS med Fylkesmannen Sogn og Fjordane	01.09.2014	FM	
Politisk sondering utredningsalternativ	Oktober/November	ORD	
Temamøte kommunestyret	11. desember 2014	RÅD	Deltaking frå Fylkesmannen
	2015		
Sak til kommunestyret – plan for arbeidet i Gulen kommune	23. januar 2015	RÅD	
Utgreiing	Mars 15 – September 15	RÅD	
Søknadsfrist prosjektmidler	1.mars 2015	RÅD	
Folkemøte	Våren 2015	ORD	Skriv Infoposten

			Oppmode til involvering
Kommuneproposisjonen og ny melding om Kommunereform vert presentert i Stortinget	Vår 2015		
Sak til kommunestyret om status i arbeidet	Juni 2015	RÅD	
Folkemøte	Hausten 2015	ORD	
Nytt kommunestyre - folkevaldopplæring « Innføring til nye folkevalde gjennom folkevaldopplæring med særleg vekt på kommunereforma og utfordringsbilete»	November – Desember 2015	ORD	
Sak til kommunestyret om status i arbeidet	Desember 2015	RÅD	
	2016		
Rådgjevande folkerøysting	Våren 2016	ORD	
Vedtak i kommunestyret	Juni 2016	RÅD	
	2020		
Evt samanslåing iverksett	1. januar 2020		

Konklusjon:

Det er ei sær sspanande og krevjande tid vi no går i møte. Drøfting av kommunen si framtid er ei oppgåve som krev ein brei demokratisk prosess. Resultatet av det arbeidet vi no legg ned i kommunereformprosessen skal gjerne stå seg som vår nye kommune i fleire tiår framover.

Rådmannen sitt framlegg til pkt. 3 inneheld ikkje forslag til alternative utgreiingsløp. Kva alternativ vi skal utgreie vil vere eit reint politisk val som vert opp til kommunestyret å bestemme.

Formannskapet diskuterte kommunereforma på eige temamøte i november. Det vart her skissert 3 alternative utgreiingar:

1. Gulen (som i dag)
2. Gulen/Masfjorden + eventuelle randkommunar (Solund, Høyanger sørside, Modalen)
3. Nordhordland/Gulen evt. Solund

Som Fylkesmannen v/ Rekkedal presenterte i temamøte den 11.12.2014 er det viktig at kommunane ikkje legg opp til å greie ut *for* mange alternative løysingar. For å kunne styre ressursbruken er det difor sær viktig å legge vekt på kva alternativ som står fram som dei mest realistiske.